

Aktsemrdsrapport Sykkylven Gjensidig Brannkasse

Openheitslova

Innleiing


Sykkylven Gjensidig Brannkasse(heretter SGB) er et gjensidig forsikringsselskap med hovudkontor i Sykkylven. Kjerneverksemda er brannforsikringar til private og næringsdrivande i våre område. Vi sel også andre forsikringar på vegne av Gjensidige Forsikring ASA. SGB har lenge hatt fokus på arbeidsforhold, korruption og menneskerettar. Dette gjer at SGB skal kunne iverksette openheitslova i si verksemd. Arbeidet vidare blir å innhente ei stadfesting frå våre større leverandørar og forretningspartnerar på at dei overheld reglane for arbeidsforhold, korruption og menneskerettar, og har strenge krav til compliance.

SGB tar openheitslova og forpliktingane som fylgjer med på alvor. Leiinga har det overordna ansvaret for implementeringa av openheitslova. Aktsemrdsurderingar vert utført på eksisterande leverandørar pr. 2024, og fortløpande på nye leverandørar. I denne rapporten presenterer vi eit overordna bilde av metodikk og resultat.

Organisasjonen

Openheitslova er implementert på leiingsnivå i SGB. Sjå organisasjonskart:

Vår Organisasjon



Implementering

Styret har delt arbeidet med implementering av openheitslova i to faser:

Fase 1:

1. Skaffe forståing for lova og endringar
2. Forankring i styret og organisasjonen

Fase 2 – etter publisering av første rapport; vidareutvikling

1. Evaluere interne system for handtering av brot.
2. Prioritere område som skal fylgjast opp ytterlegare basert på den overordna aktsemadvurderinga og resultat frå leverandørundersøkingar
3. Evaluere overordna aktsemadvurdering av leverandørar og samarbeidspartnarar.
4. Evaluere og vidareutvikle rutinar for oppfylging av leverandørar og samarbeidspartnarar.

Styret vil fylge opp arbeidet med openheitslova årleg.

Metodikk

SGB har allereie betydeleg informasjon om sine største leverandørar. Dette gjennom at Gjensidige Forsikring ASA er eller bidrar med leverandørar. Gjensidige har lenge hatt berekraft som fokus og har strenge krav til sine leverandørar. For leverandørar som ikkje er direkte knytte opp mot Gjensidige-konsernet har selskapet innhenta ytterlegare informasjon. Dette er gjort gjennom en spørjeundersøking som er sendt til 5 av de største leverandørane. 4 leverandørar har svart. Det er ikkje avdekka forhold i undersøkinga som etter styrets vurdering tilseier tiltak. Styret registrerer at alle leverandørar gir seg sjølv gjennomgåande høg score på dei spørsmål som er stilt. Med dette som bakgrunn vil styret evaluere spørsmåla i undersøkinga før neste utsending. Ei oversikt over spørsmål med svar fylger vedlagt, vedlegg 1.

Objekt

I høve til openheitslova sine premiss er fylgjande kategoriar i selskapet si verdikjede ein del av aktsemdsvurderinga:

Egen verksemd	Tjenesteleverandører
<ol style="list-style-type: none">1. Forsikring - brann og natur2. Forsikringsformidling3. Utleige av fast eigedom	<ol style="list-style-type: none">1. IT og system2. Sal og marknad3. Skadeoppgjer4. Økonomi, finans og rekneskap5. Eigedom og drift
Sluttkundar	
<ol style="list-style-type: none">1. Privatkundar2. Næringskundar3. Landbrukskundar	

Metodikk

For å avgjere kva prioriteringar SGB skal gjere, er det teke utgangspunkt i fylgjande konsekvens og sannsyn for brot på menneskerettar, arbeidsmiljø og korrasjon:

Modell:

		Konsekvens
Ubetydelig	1	Vil ikke forårsake fysisk eller psykisk skade, eller brudd på menneskerettigheter
Lav	2	Vil ikke forårsake fysisk eller psykisk skade, men det kan oppstå brudd på menneskerettigheter
Moderat	3	Vil sannsynligvis ikke forårsake fysisk skade, men kan sannsynligvis forårsake noe psykisk skade
Høy	4	Vil sannsynligvis ikke forårsake fysisk skade, men kan sannsynligvis forårsake alvorlig psykisk skade
Alvorlig	5	Konsekvensen er alvorlig og kan føre til død, permanente funksjonsstøy, m.m.
		Sannsynlighet
Sært sjeldent	1	Vil ikke forårsake fysisk eller psykisk skade, eller brudd på menneskerettigheter
Sjeldent	2	Vil ikke forårsake fysisk eller psykisk skade, men det kan oppstå brudd på menneskerettigheter
Sannsynlig	3	Vil sannsynligvis ikke forårsake fysisk skade, men kan sannsynligvis forårsake noe psykisk skade
Mer selst	4	Vil sannsynligvis ikke forårsake fysisk skade, men kan sannsynligvis forårsake alvorlig psykisk skade
Oppmerksom	5	Konsekvensen er alvorlig og kan føre til død, permanente funksjonsstøy, m.m.

Basert på resultatet av vurderinga vil SGB framover foreta ytterlegare vurderinger. Då vil fylgjande tilleggsfaktorar for omfang av eventuelle brot og høve for å rette oppatt verte vurdert for de prioriterte områda:

Omfang	
Lite	1 0-10% av virksomheten
Moderat	2 10-25% av virksomheten
Betydelig	3 25-75% av virksomheten
Omfattend	4 75-100% av virksomheten
Mulighet for gjenoppretting	
Fullt mulig	1 Rettighetshaverens situasjon kan fullt ut tilbakstilles før brudd
Noe	2 Kan være mulig at rettighetshavere sin situasjon tilbakstilles før brudd
Liten	3 Litен mulighet for at rettighetshavere sin situasjon tilbakstilles til før brudd
Ikke mulig	4 Rettighetshavere sin situasjon er ujonopprettelig

Relevante moment i vurderinga er:

- Omfang av leveranse
- Kjente tilfelle av korruption, brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.
- Geografi
- Varer eller tenester
- Bransje

Brannkassen vurderer ikkje å være spesielt eksponert for belasta bransjar. Det vises til nemnde leverandørundersøkingar som er lagt ved, vedlegg 1. Det er ikkje avdekt spesielle forhold verken av omfang eller konsekvens som styret ser behov for å iverksette tiltak rundt.

Prioriteringar av segment for aktsemndsvurdering

SGB har vedteke å prioritere denne overordna aktsemndsvurderinga rundt tenesteleverandørar og samarbeidspartnarar. Dette er område der vi vurderer vår påverknadsevne som størst på våre leverandørar. Når det gjeld eiga verksemnd, der sal av forsikringar er heilt sentralt, skal dette også vurde rast som alle andre forsikringsselskap i Norge.

Kategori	Antal leverandørar	Sannsyn for brot på menneskerettar	Potensiell grad av alvor av menneskerettsbrot

IT og system	1	2	2
Sal og marknad	1	1	1
Skadeoppgjer	1	3	1
Økonomi, rekneskap og finans	1	1	1
Eiendom og drift	3	2	1

Handtering av faktiske negative konsekvensar

Sjølv om det i årets aktsemadvurdering ikkje er avdekt faktiske brot på menneskerettar, anstendige arbeidsforhold eller korруpsjon, har SGB etablert rutinar for korleis slike tilfelle skal handsamast der som dei skulle oppstå. Dersom det vert identifisert risiko eller faktiske negative konsekvensar i eigen verksemd eller i leverandørkjeda, vil SGB innleie dialog med den aktuelle parten for å avklare forholda og setje i verk naudsynte tiltak. Tiltak kan inkludere krav om korrigerande handlingar, tettare oppfylging, revisjonar eller i alvorlege tilfelle avslutning av samarbeidet. SGB vil også vurdere om det er behov for gjenopprettande tiltak for dei partane som er råka, og sikre at slike saker vert dokumenterte og fylgt opp systematisk.

Forholdet til våre tilsette

Våre tilsette er omfatta av hovudavtalen mellom Finans Norge og Finansforbundet, som saman med reglene i arbeidstvistlova dannar grunnlag og gir reglar for forhandlingar om oppretting av tariffavtalar. Alle våre tilsette har full fridom til å organisere seg i fagforeiningar, og fagforeiningane har fri tilgang til å rekruttere medlemmer blant våre tilsette. Varslingsrutine for kritikkverdige forhold er tilgjengeleg for alle medarbeidarar via intranett.

Informasjonsplikt

SGB etterlever informasjonsplikta etter Openheitslova § 6, og svarer på førespurnader frå ålmenta om korleis vi arbeider med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Førespurnader kan rettast skriftleg via kontaktskjema på våre nettsider og vil bli svart på innan lovpålagt frist.

Avslutning

SGB vil fortsette å arbeide aktivt med openheitslova i tida som kjem. Selskapet sine etiske retningslinjer vil bidra til implementeringa og ikkje minst gode rutinar for å ta omsyn til menneskerettar og anstendige lønns- og arbeidsvilkår i hele vår verksemde. Selskapet kjøper HR tenester gjennom sin hovedsamarbeidspart, Gjensidige Forsikring ASA. Gjennom dette er Brannkassa ein del av rutinar for varsling om potensielle kritikkverdige forhold på arbeidsplassen samt kva føringar og prinsipp som vert lagt til grunn i dette viktige arbeidet. Kulturen til Brannkassa skal være prega av openheit og høg etisk standard – både internt og overfor omverda. Brannkassa sin policy for etiske retningslinjer er kjent for alle medarbeidarar i selskapet og er utarbeidd med utgangspunkt i:

- Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven) § 2 A-1 Rett til å varsle om kritikkverdige forhold i verksemda
- Lov om straff (straffeloven) § 387 Korruption
- Lov om finansforetak og finanskonsern (finansforetaksloven) §16-1 (4) om interessekonfliktar

Brannkassa vil fylge opp arbeidet rutinemessig og kontinuerleg vurdere om aktsemdunderingane bør reviderast.

Forpliktingserklæring

SGB pliktar seg til å fremme og respektere menneskerettar, arbeidsmiljø og motarbeidning av korruption, og dette er forankra i ein eigen forpliktingserklæring godkjent av leiinga og styret.

Sykkylven 27. mai 2025



Roger Kornberg



Bjarne Olav Velle

Pernille Aursnes

Pernille Aursnes



Solgun Welle



Anne Ringdal Hjelseth



Magnar Kvalvåg